



* Stidan 3. januar har nye Leinebjørn vore på plass ved Skagen-verftet Karstensen. Skroget er bygd i Polen, medan båten vert utrusta i Danmark. Etter avtalen skal nye Leinebjørn leverast reiarlaget i månadskiftet mai/juni.

Nye Leinebjørn godt på veg i Danmark:

Gamlebåten seld til Molde

Samstundes som den nye Leinebjørn er under utrusting i Danmark, er det no klart at reiarlaget Inger Hildur As kjøper gamlebåten til Molde.

Stein Arne Lilleøy

Noverande Leinebjørn vart levert frå Larsnes Mek. Verksted i 2001. Snart vert snurparen heitande Inger Hildur, som det førre fartyet til reiarlaget i Romsdal.

Dei sel sin noverande båt til Smøla.

Leinebjørn er no på veg på loddefiske ved Island. Båten vil vere i full drift fram til dei nye eigarane etter avtalen overtek 10. mars, kan Kurt Åge Leine fortelje.

– God start

Skroget til nye Leinebjørn er bygd i Polen. 3. januar i år var båten på plass for utrusting ved Skagen-verftet Karstensen,

som også har hatt kontraktene på Christina E og Gollenes.

– Vi har fått ein veldig god start der nede, og det ser veldig bra ut så langt, seier Kurt Åge Leine, som byter med broren Andreas på å oververe arbeidet i Danmark.

– Vi går ei veke kvar, og elles har vi maskinistar på plass der helle tida, seier han.

To månader utan Leinebjørn

Frå gamlebåten vert overlevert dei nye eigarane og fram til ny



* Samstundes som nye Leinebjørn vert utrusta i Danmark, er det no klart at gamlebåten er seld til reiarlaget Inger Hildur.

båt er på plass, vert Herøyreiarlaget utan noko Leinebjørn i ein periode på to månader.

– Men det er i ein periode på året der vi normalt ligg stille, så det passar i grunnen perfekt, meiner Leine.

På nordøjsilda i juni

Nye Leinebjørn vert med sine 87 x 13,5 meter betydeleg større enn forgjengaren. Det betyr at båten kan lande 1700 tonn kolmule i ein last, mot 1500 tonn i dag. Kvotene og mannskapet vert imidlertid som før, kan reiarlaget opplyse.

Leinebjørn vert som nemnt levert frå Karstensen i månadskiftet mai/juni. Deretter går turen på nordøjsilda, kan Kurt Åge Leine fortelje.

– Då får vi prøvd ut båten, og det blir spennande, avsluttar han



* Kurt Åge t.v. og Andreas Leine gler seg til å ta i bruk ny Leinebjørn til nordøjsildfisket i sommar. Etter avtalen skal båten leverast frå Skagen-verftet Karstensen i månadskiftet mai/juni.